

**KOMMISJONSAVGJERD****2016/EØS/65/42****av 13. januar 2011**

**om endring av vedtak 97/556/EF om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggjevarer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til samansette system/modular for utvendig varmeisolasjon med puss**

*[meld under nummeret K(2011) 34]*

(2011/14/EU)(\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggevarer<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 13 nr. 4,

etter samråd med Det faste byggjeutvalet og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonsvedtak 97/556/EF av 14. juli 1997 om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggjevarer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til samansette system/modular for utvendig varmeisolasjon med puss<sup>(2)</sup> viser berre til varer som er underlagde europeisk teknisk godkjenning, medan somme av desse varene òg kan omfattast av harmoniserte europeiske standardar.
- 2) Vedtak 97/556/EF bør difor endrast slik at det òg gjeld for varer som er omfatta av dei harmoniserte europeiske standardane som CEN utarbeider —

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkkel 1*

I vedtak 97/556/EF vert det gjort følgjande endringar:

1. Artikkkel 2 skal lyde:

*«Artikkkel 2*

Framgangsmåten for samsvarsattestering i medhald av vedlegg II skal gå fram av mandata for retningslinjene for europeiske tekniske godkjenningar. Framgangsmåten for samsvarsattestering i medhald av vedlegg III skal gå fram av mandata for harmoniserte europeiske standardar.»

2. Eit nytt vedlegg III vert lagt til slik det er fastsett i vedlegget til denne avgjerda.

*Artikkkel 2*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 13. januar 2011.

*For Kommisjonen*

Antonio TAJANI

*Visepresident*

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 10 av 14.1.2011, s. 5, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 98/2015 av 30. april 2015 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 42 av 4.8.2016, s. 37.

(<sup>1</sup>) TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12.

(<sup>2</sup>) TEF L 229 av 20.8.1997, s. 14.

*VEDLEGG**«VEDLEGG III*

## VAREGRUPPE

**SAMANSETTE SYSTEM/MODULAR FOR UTVENDIG VARMEISOLASJON MED PUSS (1/1)****System for samsvarsattesting**

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert CEN oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattesting i dei aktuelle harmoniserte europeiske standardane:

Vare(r)	Tiltenkt bruk	Nivå eller klassar (brannmotstand)	System for samsvarsattesting
Samansette system/modular for utvendig varmeisolasjon med puss (ETICS)	På yttervegger	Alle	1

System 1: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 i), utan stikkprøvekontroll.

Spesifikasjonane for systemet bør vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (*sjå artikkel 2 nr. 1 i direktiv 89/106/EØF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta*). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.»